

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er sendt ut til alle som deltok på møtet, med merknadsfrist 10. november 2009. Dette er det godkjente referatet frå rådsmøtet 26. august 2009.

Møtedato: 26. august 2009 kl. 12.15

Stad: møterom 305 i tredje høgda av HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Maria Alvarez-Solar, Malvin Fonnes, Margareth Hagen, Benedicte M. Irgens, Lene Johannessen, Pernille Myrvold, , Beatrice Sandberg, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Ingen.

Frå gruppe C: Siri Fredrikson, Jan A. Johansen.

Frå gruppe D: Ingen.

Breivik og Uthaug stilte utan røysterett.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Breivik melde at han ville ta opp ei ekstra sak til slutt (sak 7). Fredrikson presiserte at det berre er godkjenning av studieplanane på dei nye fagbaserte (disiplinbaserte) studieprogramma som skal opp på møtet i dag (sak 6), ikkje endringar i dei eksisterande tverrfaglege programma.

Sak 2 – godkjent referatet frå 20. mai 2009

Det godkjente referatet frå møtet 20. mai i år ligg på www.uib.no/if (gå til: om instituttet - råd og utval - instituttrådet).

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Uthaug orienterte om nye retningslinjer, redusert medlemstal og nyval til instituttrådet.
- B. Uthaug orienterte om arbeidsdelinga mellom dei ulike nivåa ved universitetet når det gjeld utvekslingsstudentar (høyringsak). Det viktigaste for IF er å sikra at det følgjer ressursar med ei eventuell desentralisering av oppgåver.
- C. Fredrikson orienterte om organiseringa av lærarutdanninga (høyringsak). Denne saka er nok i denne omgangen mest relevant for fakultetsnivået, og mindre for oss på instituttnivået.
- D. Nye personar ved IF hausten 2009: Future-stipendiat Alexander Berdichevsky, Fullbright-lærer Jennifer Ladino, stipendiat Bodil Moss, stipendiat Alejandro Huidobro, stipendiat Svenn-Arve Myklebost, postdoktor Ellen Rutten, studiekonsulent Marie Ljones. Huidobro og Moss tek ikkje til i stillingane før ved årsskiftet.
- E. Orientering om planlegging av undervisninga i 2010.
- F. Breivik orienterte om at markeringa av semesteropninga går ut. Det vert ei midtsemestersamling ved instituttet i staden.
- G. Breivik orienterte om dei utlyste vitskaplege stillingane ved instituttet: Marco Gargiulo tek til som førsteamanuensis i italiensk 1. januar 2010. To stillingar er under vurdering: professor/førsteamanuensis i arabisk og professor i russisk. Dei tre høgst rangerte til arabiskstillinga vert kalla inn til prøveforelesing 28.9 og intervju 29.9. Vanleg prosedyre skal følgjast, sjølv om vi ikkje kan vera sikre på at det til sjuande og sist vert tilsetjing i stillingane i fakultetsstyret.
- H. Instituttleiinga vil i haust ha kontaktmøte med dei einskilte faga. Alle tilsette på faget blir inviterte.

Sak 4 – Budsjett 2010

Sakspapira vart ettersende til medlemmane av rådet med e-post 25.8, og Breivik orienterte om saka. Fakultetet har sendt førespurnad om innspel til 2010-budsjettet, og instituttleiinga har laga eit utkast til svar. Breivik peikte på at brevet frå fakultetet burde sett desse spørsmåla i samanheng med det større

arbeidet med fagdimensjonering ved fakultetet. IF har likevel forankring i ein tidlegare fagdimensjoneringsprosess internt ved instituttet som gjer det enklare å koma med prioriteringar av stillingar som bør lysast ut og stillingar som bør fjernast.

Rådet kom ikkje med innvendingar mot framlegget til svarbrev til fakultetet.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet sluttar seg til "Budsjettframlegg 2010, svar frå Institutt for framandspråk". Instituttleiar får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle endringar før utkastet blir sendt over til fakultetet.

Sak 5 – Småfaga i humaniora (høyringssak)

Under drøftinga i rådet vart det påpeikt nokre feil i statistikken i diskusjonsnotatet "*Småfag*" i *humaniora* (to doktorgradar på tysk som skulle vore med, publisering på italiensk som skulle vore med). Det vart òg reist fleire spørsmål: Er det berre *fast* tilsette som er med i oversynet over tilsette på dei ulike faga? Tel alle stillingsprosentar likt? Stillingar må teljast på same måte for alle institusjonar, og det må gå fram av statistikken korleis ein har talt. Det er òg ei rekkje tilfelle der talopplysningane ikkje er oppgitt. Det er grunn til tvil om talmaterialet.

Skagen reiste spørsmål om undervisninga på LITTEHF og LINGMET burde vera på engelsk, om samarbeid med allmenn litteratur på 100-nivået, og om siderettleiing med litteraturvitskap av studentar på masternivå.

I møtet vart det òg spurt om det var råd å setja i gang "oppfriskingskurs" på tysk for å rekruttere studentar. Bakgrunnen var tilbakemeldingar frå studentar som kunne ønskja å studera tysk, men som følte at dei ikkje hadde nok ballast frå vidaregåande skule.

Sak 6 – Godkjenning av studieplanar for bachelorprogramma ved instituttet

Vedtak (samrøystes): Rådet ved institutt for framandspråk vedtek framlegga til studieplanar for dei nye fagbaserte bachelorprogramma..

Sak 7 - Ymse

- A. Instituttleiar gav blomar til avtroppande rådsleiar Beatrice Sandberg og takka for framifrå innsats.

Beatrice Sandberg,
leiar av rådet

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef
(referent sak 1-5)

Siri Fredrikson,
studieleiar
(referent sak 5-7)